

Wenche og Kjetil Brix

5460 HUSNES

Dato: 29.05.2015
Vår ref.: 2014/19667-76
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Kunesbuo - Kuneset - gnr 146 bnr 7 - Kvinnherad - Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2015

Det vert vist til dykkar søknad av 03.10.2014 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune, Kultur og ressursutvalet handsama saka på møte den 13.05.2015, sak 76/15, og gjorde vedtak om å tildele dykk **kr 50.000,-** i tilskot.

Grunngjeving

For 2015 var det 51 søknader og kr 891.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 9.378.523.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtektne retningslinjer for ordninga.

Ved avgjerda av dykkar sak er det lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Søknaden fyller vilkåra som går fram av dei vedtektne retningslinjene for ordninga og kultur- og ressursutvalet har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykkar tiltak.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år. Tiltakshavar skal rapportere om status for tiltaket innan 31. desember i tildelingsåret

Utbetaling

Det utførte arbeidet skal godkjennast av fylkeskonservator for utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsoversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet.

Tilskotsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilskotet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med omtalen av føremål, innhald og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilskotsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnt under.

Rapportering og kontroll

Tilskotsmottakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i høve til søknaden. Det er ein